

Dette gjør du ved pipebrann



Når ved og olje brenn, vert det danna sotpartiklar som set seg fast på innsida av skorsteinen, på veg ut. Ved fyring over tid kan dette sotlaget bli ekstra tjukt og slå eld dersom ein fyrer ekstra hardt ein dag. Det oppstår da ein såkalla skorsteinsbrann.

Steng ventilar og luker

Dersom du oppdagar ein skorsteinsbrann må du stenge alle ventilar på omnen og luker som fører til skorsteinen. Dersom det ikkje er fyr i peisen kan du også stenge peisspjeldet. Er det fyr i peisen må du ikkje stenge spjeldet. Då vil røyken kome inn i rommet.

Tøm ikkje oske i pappøskje eller plastpose. Oska kan vere varm i lang tid etter at omnen har slokna.

Har du eit pulverapparat tilgjengeleg kan du gjere eit forsøk på å dempe eller sløkkje. Det beste er å opne den nedste luka (sotluka) inn til skorsteinen og sprøyte inn pulver oppover. Dette vil ta mykje av oksygenet og dermed dempe brannen. Ikkje tøm apparatet, trykk inn

Dette gjør du ved pipebrann

knappen nokre sekunda. Det er som regel nok, og ein bør ha noko pulver i reserve om brannen utviklar seg vidare. Etter at du har sprøyta inn pulver skal du stenge sotluka for å unngå tilførsle av oksygen.

Unngå spreining

Fjern alt brennbart som står i nærleiken av skorsteinen, eldstaden og sot- og feieluker. Ved etasjeskilja kan treverk og anna brennbart materiale kome inntil skorsteinen. Når det brenn i skorsteinen kan dette ta fyr. Ver difor ekstra merksam på røykutvikling ved etasjeskilja og hald godt auge med loft og kjellar. Dersom du oppdagar at brannen spreier seg frå skorsteinen til andre bygningsdelar, kan du prøve å sløkkje med vatn eller eit brannsløkkjeapparat.

Ring 1-1-0

Ved skorsteinsbrann skal brannvesenet kontaktast. Sløkkinga av skorsteinsbrann bør du overlata til brannvesenet. Ring naudnummer 1-1-0. Hugs at du ikkje skal setje deg sjølv i fare. Du må alltid evakuere før det blir farleg å opphalde seg inne.

Kvifor oppstår skorsteinsbrann

Ein skorsteinsbrann oppstår fordi avfallsstoff frå forbrenninga har sett seg i skorstein og eldstad. Desse avfallsstoffa oppstår som ei følgje av

Dette gjør du ved pipebrann

det vi kallar ei ufullstendig forbrenning. Flammar frå elden, eller den høge temperaturen i eldstaden, tenner avfallsstoffa, og skorsteinsbrannen er eit faktum.

Faktorar som kan føre til ufullstendig forbrenning:

- Fuktig ved (seinkar temperaturen)
- Store vedkubbar (seinker temperaturen)
- For mykje trekk (røykgassene rekk ikkje å bli brende, taper energi, meir sot)
- For lite trekk (for lite oksygen)
- Brennbare væsker (for høg temperatur, antenner skorsteinsbrann)
- Papir, aviser, juletre (kan tenne ein skorsteinsbrann, skaper mykje sot)

Fyringsforbod etterpå

Ein skorsteinsbrann kan skade fyringsanlegget som igjen aukar risikoen for brann. Difor blir det lagt ned eit munnleg fyringsforbod på skorsteinen og eldstaden av brannmannskapa på staden ved slækkinga. Skorsteinen kan ikkje nyttast før feiaren har vore på tilsyn.

Feiaren vil ta kontakt for å avtale tilsyn første arbeidsdag etter skorsteinsbrannen. Feiaren skal gjere ei vurdering om fyringsforbodet kan opphevast eller vidareførast. Etter tilsynet vert det utarbeidd ein rapport som skal sendast til huseigar.

Dette gjør du ved pipebrann

Munnleg fyringsforbod/bruksnekt frå brannvesenet er heimla i brann- og eksplosjonsvernloven § 37, tredje ledd: Ved overhengande fare kan tilsynsmyndet stanse verksemda eller forby bruken av vedkomande byggverk, område, produkt m.m. sjølv om pålegg ikkje er gitt.

Kommunen pliktar å gjennomføre tilsyn etter skorsteinsbrann. Dette er heimla i forskrift om brannførebygging § 17 andre ledd: Kommunen skal syte for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget etter brann eller eksplosjon i eller i tilknyting til fyringsanlegget.